Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Ullensvang

Emne: Beit og brom Bygdelag: Sørfjorden

Oppskr. av: Rådar Rogdo Gard: Rogdo

(adresse): Nå G.nr. 62 Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Vilhelm Rogdo. Nå. Noko av eiga röynsle.

SVAR

1. För nytta dei dette fort i bygda vår. No er det meir slutt med det. Me kallar det mork.
2. Når folk skulle henta slikt for, sa dei at dei skulle marka. Dei hadde ikkje nokon serskild slede til å köyra beit og brom på. Ein nytta mest björk, selje og gran.
3. Dei henta beit om vinteren. Dei kvista av trea ute i skogen og köyrde heim beitet for seg og veden for seg. Brom henta dei tidleg om våren
4. Når dei famn beit og brom, bruka dei öks og lauv-kniv. Sume lauv-knivar var beine og sume krokute. Dei som var beine hadde ofte ein krok på baksida til å ta greiner opp frå marka med.
5. Det var kyrne som fekk beitet og bromet. Dei blanda det ikkje med anna for når dei gav det.

2291

6. Stundom la dei dette foret inne i floren; men når det var mykje, gjekk ikkje det. Då la dei det utamfor. Om vinteren når det ~~skulle~~ var kaldt la dei det inne i floren ein halv dag før det skulle gjevast så klaken skulle tina av det.

7. Me kjenner ikkje den skikken at ein på langfredag skulle henta ei byrd med leit på fastande hjarta.

2291

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING